

DEMOKRATI OG RETTSSTAT

DEL I FORSKINGSOVERSIKT

INTRODUKSJON

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av eit oppdrag frå nettverk for demokratiforskning ved UiB. Rapporten byggjer på ein gjennomgang av informasjon frå dei ulike institutta sine nettsider, forskingsplanar, samtaler samt Bibsys-søk der det har vore naudsynt. Rapporten har to delar:

- Del I som oppsummerer og kategoriserer demokrati- og rettsstatsforskninga etter tematikk og tyngdepunkt.
- Del II som er ei konkret oversikt over personar som har arbeidd med aktuelle tema, kategorisert etter institusjon.

Eg har vald å legge an ei svært breid forståing av forskingsfeltet 'demokrati og rettsstat'. Undersøkinga har på bakgrunn av dette endt opp med over 250 forskarar (inkludert stipendiatar) som har arbeidd med tema som kan koplant til demokrati- og rettsstatsfeltet, fordelt på tre fakultet. Mandatet mitt, slik eg har tolka det, innebar ikkje noko tematisk avgrensing utover sjølve tittelen og eg fann det heller ikkje formålstenleg å ta utgangspunkt i ein bestemt definisjon (sjå under). Det er ingen tvil om at forståinga av kva som fell inn under feltet er svært avhengig av eins faglege ståstad, og dette er etter mitt syn ein viktig grunn til at ei undersøking av denne type bør vere open. Eg trur også at dette vil auke bruksverdien til rapporten.

Arbeidet har bydd på store utfordringar når det gjeld kategorisering, fordi mykje av forskinga som er inkludert ikkje er presentert med stikkorda 'demokratiforskning' eller 'rettsstatsforskning'. Eg har derfor sjølv etter beste evne vurdert i kva grad eit tema kan koplant opp til tematikken eller ikkje, og kva for tyngdepunkt dei ulike forskarane høyrer heime i. Logikken bak desse vurderingane framgår vonaleg av tema-inndelinga og dei utvalde tyngdepunkta.

ULIKE DEFINISJONAR AV DEMOKRATI

Demokrati er eit omgrep som er definert ofte og på svært ulike måtar, der ulike aspekt, nivå eller institusjonar er vektlagt. Når det gjeld demokratidefinisjonar skil ein gjerne mellom minimalistiske ('realistiske') og maksimalistiske ('programmatisk') definisjonar.¹ Ein typisk døme på ein minimalistisk definisjon er Schumpeters definisjon av demokratiet som:

"(...) that institutional arrangement for arriving at political decisions in which individuals acquire the power to decide by means of a competitive struggle for the people's vote."²

Denne svært enkle definisjonen har imidlertid blitt utvida av andre, bl.a. Huntington som hevdar at eit system er demokratisk:

"(...) to the extent that its most powerful collective decision makers are selected through fair, honest, and periodic elections in which candidates freely compete for votes and in which virtually all the adult population is eligible to vote."³

Ei ytterlegare utviding er presentert av Diamond, Linz og Lipset som definerer demokrati som:

"a system of government that meets three essential conditions: meaningful and extensive competition among individuals and organized groups (especially political parties) for all effective positions of governmental power, at regular intervals and excluding the use of force; a "highly inclusive" level of *political participation* in the selections of leaders and policies, at least through regular and fair elections, such that no major (adult) social group is excluded; and a level of *civil and political liberties* —freedom of expression, freedom of the press, freedom to form and join organizations—sufficient to ensure the integrity of political competition and participation."⁴

Medan desse tre definisjonane tar utgangspunkt i den konkrete organiseringa av eit demokratisk styre, set dei meir maksimalistiske definisjonane andre og meir omfattande krav knytt til kommunikasjon og 'deliberasjon'. To representantar for denne tradisjonen er Jürgen Habermas som hevdar at "(...)the central element of the democratic process

¹ G.A. O'Donnell. "Democracy, Law and Comparative Politics". In *Studies in Comparative International Development*. Spring 2001

² Schumpeter, Joseph. 1975. *Capitalism, socialism and democracy*. New York: 269.

³ Huntington, Samuel. 1991. *The third wave: democratization in the late twentieth century*, Norman, Oklahoma: 7.

⁴ Larry Diamond, Juan J. Linz og Seymour Martin Lipset (red.). 1990. *Politics in developing countries: comparing experiences with democracy*. Boulder, Colorado: 6–7.

resides in the procedure of deliberative politics”⁵ og Seyla Benhabib som definerer demokrati som:

“(…) a model for organizing the collective and public exercise of power in the major institutions of society on the basis of the principle that decisions affecting the well-being of a collectivity can be viewed as the outcome of a procedure of free and reasoned deliberation among individuals considered as moral and political equals.”⁶

Som definisjonane viser, vil omfanget til forskingsfeltet ’demokrati’ avhenge av kva for definisjon ein legg til grunn; Schumpeters ’institutional arrangement’ eller Benhabibs ’reasoned deliberation’. Som nemnt innleiingsvis har eg i staden for å velje mellom desse svært ulike definisjonane ynskt å fange inn flest mogleg innfallsvinklar til demokrati og rettsstatsproblematikken.

I kontrast til definisjonane over, tar nokre inndelingar av demokrati-feltet utgangspunkt i demokrati som styringsform, samfunnsform og som menneskesyn. Ei anna inndeling er også lansert av Bjørn Erik Rasch i boka *Demokrati. Ideer og organisering*,⁷ Han tar utgangspunkt i ei fem-delning av tilnærmingane til demokratiomgrepet.

1. Konkurransedemokrati
2. Deltakardemokrati
3. Folkestyre/fleirtallsdemokrati
4. Konstitusjonelt demokrati
5. Diskursdemokrati

Desse kategoriane er interessante og er alle dekt av forskinga ved UiB. Kategoriane problematiserer ulike typer demokratiforskning og kan delvis knyttast til de i ulike demokratidefinisjonane presentert innleiingsvis og til demokratiforståinga i ulike fagtradisjonar. Likevel fungerer denne type inndelingar etter mitt syn ikkje godt nok i høve til ei kartlegging av den konkrete demokrati- og rettsstatsforskinga ved UiB.

⁵ Habermas, Jürgen. 1996. *Between Facts and Norms: contributions to a discourse theory of law and democracy*. Cambridge: 296.

⁶ Benhabib, Seyla (red.).1996. *Democracy and difference: contesting the boundaries of the political*. Princeton: 68.

⁷ Rasch, Bjørn Erik. 2000. *Demokrati. Ideer og organisering*. Bergen: 22.

I det følgjande vil eg skissere demokrati- og rettsstatsforskinga utifrå følgande punkt:

- Demokrati og rettsstatsforsking etter fakultet og institutt
- Kategorisering i 10 emne
- 4 tyngdepunkt
- Geografiske tyngdepunkt

Avslutningsvis vil eg på bakgrunn av kartlegginga oppsummere potensielle effektar av ei satsing på feltet 'demokrati- og rettsstat'.

DEMOKRATI- OG RETTSSTATSFORSKING ETTER FAKULTET/INSTITUTT

DET JURIDISKE FAKULTET

Når det gjeld forskinga ved det Juridiske fakultet, er sjølvsagt all denne forskinga nødvendigvis knytt til rettstatsproblematikken. Med tanke på samarbeid over fakultetsgrensene og koplinga til demokrati-forsking, er det likevel truleg nokre problematikkar som skil seg ut. Dette er rettighetsproblematikkar knytt til forvaltning, trygderett, arbeid, helse, folkerett, statsrett, politirett, miljørett, strafferett og menneskerettar.

I samband med satsinga på feltet 'Demokrati og rettsstat' har fakultetet peika på følgande felt som sentrale: statsforfatningsrett, forvaltningsrett, menneskerettigheter, strafferett og prosessrett, men peikar også på medierett som eit nytt felt under oppbygging.⁸ Demokrati og rettsstatssatsfeltet kan også knyttast til privatisering og deregulering, markedsstyring herunder konkurranserett, styringen av de store private selskapene, forholdet privat eiendomsrett og offentlig regulering o.l. Her bør det vere gode moglegheiter for tverrvitskapleg samarbeid med både samfunnsvitarar og historikarar.

Ifølgje fakultetets eiga forskingsmelding har det juridiske fakultetet eit særskild sterkt forskningsmiljø innan strafferett, straffeprosess og politirett, der "(...)fakultetet er

⁸ http://www.jur.uib.no/OmFak/Planer/Forskningsplan_2005.html

ledende i Norge og blant de ledende i Norden”.⁹ Eit anna sterkt område er forvaltningsrett og kommunalrett. Fakultetet har også gjennom mange år hatt ein sterk profil innan det ein kan kalle ‘velferdsrett’ (helse- og sosialrett og trygderett). EU/EØS-rett er eit nyare område der fakultetet også har bygd opp kompetanse. Fakultetet melder også om aukande forskingsaktivitet rundt probmestillingar knytt til internasjonale rettslege institusjonar og menneskerettar.¹⁰ Eit anna sterkt felt som vil vere interessant for samarbeid med andre fagfelt er rettsteori og rettsfilosofi. Et annet område under oppbygging er ressursforvaltnings- og miljørett.

DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTETET

Dei største miljøa som arbeider med problematikk knytt til feltet demokrati og rettsstat er knytt til Det samfunnsvitenskaplege fakultetet. Ved *Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap* er forskinga som kan knyttast til demokrati og rettsstatsfeltet omfattande. Her kan forskinga delast inn i 5 tyngdepunkt: 1) styring, administrasjon og forvaltning, 2) lokalpolitikk og lokaldemokrati, 3) arbeidslivsrelasjonar, 4) rettighetsproblematikk knytt til sosiale rettar (velferd), 5) europeisk integrasjon og demokratiproblematikk.

Forskinga kring demokrati står særleg sentralt på *Institutt for samanliknande politikk*, der nesten alle tilsette kan koplast opp til denne tematikken. Forskinga kan oppsummerast i seks hovudpunkt: 1) utviklinga av demokratiske intitusjonar, funksjonsmåtar, ulike modellar (inkl. valsysteem & valanalyse, partisystem og organisering), 2) rettighetsproblematikk; menneskerettar, sosiale rettar (velferd) etc., 3) demokratisk-politisk kultur, 4) demokrati og inklusjon/ eksklusjon: kjønn og minoritetar, 5) europeisk integrasjon og demokratiproblematikk, 6) demokratiske utfordringar knytt til konflikt og terrorisme.

⁹ http://www.jur.uib.no/OmFak/Planer/Forskningsplan_2005.html

¹⁰ http://www.jur.uib.no/OmFak/Planer/Forskningsplan_2005.html

Også ved *Sosiologisk institutt* er mange forskarar involvert i forskning som kan koplast til 'demokrati-og rettsstatsfeltet' og instituttet har særleg sett fokus på kjønn, makt og ulikskapsproblematikkar, forskingsfelt som har lange tradisjonar ved instituttet.¹¹ Svært mykje av forskinga ved instituttet kan seiast å vere relevant, fordi den dreier seg om makt- og ulikskapsstrukturar som underbyggjer eller innskrenkar borgaranes moglegheiter for innverknad og rettane deira på ulike område. Forskinga her kan grovt delast i tre tyngdepunkt: 1) likestilling, diskriminering og sosial integrering/eksklusjon knytt til minoritetar og kjønn, 2) rettsproblematikk, særleg knytt til sosiale rettar, velferd og utdanning, 3) arbeidslivsrelasjonar med fokus på kva for innverknad arbeidstakarar har i høve til arbeidssituasjonen og meir generelt gjennom organisasjonar/avtaleverk og lovverket.

Også ved *Institutt for sosialantropologi* kan mykje av forskinga koplast til demokrati og rettsstatsfeltet. Instituttet har sett fokus på kulturelt mangfald og utvikla analytiske perspektiv særskild knytt til korleis sosialt liv i konkrete samfunn blir påverka av gjensidig regional og global avhengighet.¹² I vår samanheng kan forskinga grovt delast inn i to hovudpunkt: 1) utviklingspolitikk og problematikkar knytt til den postkoloniale staten, 2) Kultur, etnisitet og identitetsproblematikk knytt bl.a. væpna konflikt, minoritetar og kjønn.

Ved *Institutt for informasjon- og medievitskap* er mykje av forskinga relevant for demokrati og rettsstatsfeltet, særleg gjeld dette forskning knytt til medias rolle i demokratiske samfunn, maktrelasjonar og kommunikasjonsformer. Den relevante forskinga kan grovt oppsummerast i tre hovudpunkt: 1) mediapolitikk og makt, 2) retorikk og politisk kommunikasjon og 3) demokratisk kultur, ytringsfridom og identitet.

Ved *Institutt for geografi* er det også nokre enkeltprosjekt som kan koplast til feltet demokrati og rettsstat. Særleg gjeld dette forskning knytt til globalisering, lokal planlegging & utvikling og miljøproblematikk. Her kjem demokratispektet t.d. inn i

¹¹ <http://ugle.svf.uib.no/sosio/default.asp?kategori=114&strid=3639>

¹² <http://ugle.svf.uib.no/antro/?kategori=346>

høve til konflikter mellom ulike styringsnivå i samband med ressurs- og landskapsforvaltning.

Ved *Institutt for økonomi* er forskinga i lita grad eksplisitt presentert i termer som demokrati- og rettsstat, men etter det eg kan sjå vil følgande tyngdepunkt vere interssant i høve til demokrati- og rettsstatsfeltet: 1) rettighetsproblematikk knytt til helse- og velferd, 2) demokratiproblematikk knytt til arbeid og industriorganisering, 3) ressurs- og miljøproblematikk.

DET HISTORISK-FILOSOFISKE FAKULTETET

Når det gjeld det historisk-filosofiske fakultetet står demokratiforskinga sentralt innafør fleire fagfelt.

Ved *Historisk Institutt* har mange forskarar arbeidd med problematikkar knytt til demokrati- og rettsstatsfeltet i ulike tidsperiodar. Instituttet har fleire forskarar som har studert ulike aspekt ved utviklinga av rettsstaten frå middelalderen til i dag. Det same gjeld utviklinga av moderne demokratiske institusjonar frå 1800- talet og fram til vår tid. Her spenner forskinga vidt og dekkjer, i tillegg til utviklinga av politiske rettar, også prosessar knytt til utviklinga av sosiale rettar gjennom velferdsstaten og medbestemming gjennom det organiserte arbeidslivet. Fleire forskarar har også vore involvert i fleirfagleg samarbeid i samband med prosjekt knytt til styring og forvaltning, eller tematikkar knytt til inklusjon/eksklusjon av minoritetar og kjønn i moderne tid (frå 1800). Mange forskarar ved Historisk institutt inngår allereie i fleirfagleg forskingssamarbeid, og instituttet har gode forutsetningar for å delta i ei vidareutvikling av slike samarbeid i høve til dei fleste tematikkane (sjå tema-oversikt under).

Filosofisk Institutt kan koplatt til demokrati- og rettsstatsfeltet blant anna gjennom forskning knytt til det ein kan kalle demokratiets idehistorie og til politisk filosofi og teori. Særleg kompetanse finst på tema knytt til utvikling av ein demokratisk offentlegheit og forutsetningar for utvikling av kommunikasjon innan rammene av

denne offentlegheiten. Aktuelt i denne samanhengen er også forskning knytt til moral, verdispørsmål og til arbeidslivsstudier.

Forskinga ved *Seksjon for kulturvitskap* er relevant i høve til fleire aspekt ved 'demokrati og rettsstatsproblematikken', særleg knytt til 'demokratisk kultur'. Forskinga ved seksjonen handsamar bl.a. kulturelle problemstillingar knytt til inklusjon/eksklusjon av ulike grupper, ulike verdisystem og symbol.

Enkelte delar av forkinga ved *Seksjon for religionsvitskap* kan truleg også koplast til 'demokrati og retsstatsfeltet'. Dette vil då særleg gjelde forholdet mellom religion og demokratiske verdiar samt religion og politikk.

Ved *Institutt for Litteraturvitskap* kan forskning på rettsleg tekstmateriale samt demokratisk inklusjon/eksklusjon knytt til kjønn koplast opp til demokrati og rettsstatsfeltet. Truleg kan også ein del av dei konkrete litteraturstudiene koplast opp til prosessane kring utviklinga av ein demokratisk kultur og spørsmål knytt til mangfald og eksklusjon. Dette gjeld også forkinga ved dei andre *språk- og litteraturinstitutta* der særleg forkinga kring tekst, språk og kommunikasjon kan koplast opp til ulike aspekt ved demokratisk kultur og kommunikasjon. Eit prosjekt som også kan knyttast opp til tematikken, er det nyleg oppstarta prosjektet om politiske talemåtar i Europa som er leia frå *Romansk institutt* (Fløttum), men som også har deltaking frå *engelsk, tysk* og *historie* (samt media og sam.pol. frå SV-fakultetet).

DET PSYKOLOGISKE FAKULTETET

Ved det psykologiske fakultetet er det også enkelte prosjekt som kan koplast til demokrati- og rettsstatsfeltet. Desse dreier seg særleg om problematikkar knytt til 1) helse, velferd og utdanning, 2) ulikskapar: inklusjon & eksklusjon, 3) demokrati og offentlegheit.

ROKKANSENTERET

Rokkansenteret har ei omfattande forskning som kan inkluderast i feltet 'demokrati- og rettsstat'. Rokkansenterets demokrati- og rettsstatsforskning kan delast inn i følgande tyngdepunkt: 1) demokratiseringsprosessar og demokratiske institusjonar, 2) demokrati, styring og forvaltning, 3) Rett, samfunn, kultur. Forskinga dekkjer både lokale, nasjonale og globale forhold, og inkluderer både kvantitative og kvalitative tilnærmingar.

ANDRE FAGMILJØ

I tillegg til fagmiljøa fins det nokre andre miljø med forskning knytt til 'demokrati og rettsstatsfeltet' i vid forstand:

Senter for kvinne og kjønnsforskning: demokratiproblematikk knytt til kjønn

Senter for vitskapsteori: demokratiteori og vitskapens rolle

Senter for utviklingsstudier: demokratiproblematikk knytt til utviklingsprosessar

Senter for miljø- og ressursstudier: demokratiproblematikk knytt til miljøpolitikk og ressursforvaltning

Institutt for samfunnsmedisin: demokratiproblematikk knytt til sosiale rettar, helsepolitikk og organisering

KATEGORISERING ETTER EMNE

1. Demokratiseringsprosesser

- Den konkrete utviklinga av demokratiske institusjonar og prosedyrer ulike stader i ulike historiske epokar
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: historie, sam.pol, jus, sos.ant, Rokkansenteret
 - o Delvis: adm.org, sosiologi, media

2. Demokratiets institusjonar

- Karakter, funksjonsmåtar, modellar
- Parlament og lokalstyret
 - o Beslutningsprosesser
 - o Partiorganisering
 - o Politiske skiljeliner til ulike tider og i ulike område
 - o Allianser / koalisjonar
- Rettsstaten: Loven, konstitusjonen, domstolane, konvensjonar og rettar
- Maktforhold: mellom demokratiets institusjonar, og mellom institusjonane og andre maktinstansar som t.d. kapitalmakt
- Legitimitetsproblematikk; tillit til institusjonane
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: sam.pol, adm.org, historie, jus, Rokkansenteret
 - o Delvis også: media, sos.ant, sosiologi

3. Demokrati og europeisk integrasjon

- EUs institusjonar og avgjerdsprosedyrer
- Demokratiets ramme; union eller nasjon?
 - o Føderasjon vs 'intergovernmentalism'
 - o 'Demos'; europeisk eller nasjonalt
- Legitimitetsspørsmålet
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: sam.pol, adm.org
 - o Delvis også: jus, historie, media/romansk/germansk/engelsk (prosjekt)

4. Demokratisk kultur

- Mediaoffentlegheiten
- Språk og kommunikasjon
- Utdanning
- Kulturell identitet
- Kulturlivets betydning for demokratiet
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: media, kulturvitskap, sos.ant, litteratur- og språkfaga, filosofi
 - o Delvis også: sam.pol, sosiologi, historie, jus, psykologi, adm.org, Rokkansenteret

5. Demokrati i arbeids- og organisasjonsliv

- Arbeidslivet; medbestemming og rettighetsproblematikk

- Det sivile samfunn; frivillige organisasjonar, funksjonar og struktur
- Aktuelle fagmiljø:
 - o I stor grad: sosiologi, adm.org, historie
 - o Delvis også: jus, sam.pol, Rokkansenteret, økonomi, kulturvitskap, filosofi

6. Demokratisk styring og forvaltning

- Styringsmodellar
- Byråkrati og organisering
- Ressurs- og effektivitetsproblematikk
- Aktuelle fag;
 - o I stor grad: adm.org, jus, Rokkansenteret
 - o Delvis også: historie, geografi, økonomi

7. Rettigheter og statsborgarskap

- Utviklinga av ulike typer rettar i ulike fasar/område; funksjonar og effektar
 - o Juridiske
 - o Politiske
 - o Sosiale (velferd)
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: jus, historie, sam.pol, sos.ant, sosiologi, adm.org, Rokkansenteret
 - o Delvis også: media, filosofi

8. Demokratiteori

- Demokratiets 'idehistorie'
- Normativ teoriar om korleis demokrati kan/bør etablerast
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: filosofi, sosiologi, sam.pol, sos.ant
 - o Delvis også: jus, historie, media

9. Demokratiets mangfald og grenser; inklusjon/eksklusjon av grupper

- Minoritetar
- Kjønn
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: sos.ant, sosiologi, historie, sam.pol, Rokkansenteret
 - o Delvis også: jus, media, adm.org, kulturvitskap, filosofi

10. Demokrati, terrorisme og tryggingspolitikk

- Terrorism som utfordring for demokratiet
- Tryggingspolitikk og terrorismelovgjeving
- Statleg valdsutøving
- Aktuelle fag:
 - o I stor grad: jus, sam.pol, historie, sos.ant
 - o Delvis også: sosiologi, media

FIRE POTENSIELLE TYNGDEPUNKT

(samanstilling av punkta over)

1. UTVIKLING AV DEMOKRATISKE INSTITUSJONAR (1,2,3)

- a. Historiske og nåtidige prosessar
- b. Demokratimodellar og funksjonsmåtar
- c. Kan inkludere både historiske demokratiseringsprosessar i vest-Europa, nåtidige prosessar i t.d. Sør-Afrika og Aust-Europa, samt demokratiseringsprosessane i EU
- o Aktuelle fag: sam.pol, historie, adm.org, jus, sos.ant, Rokkansenteret, sosiologi, media, romansk, germansk, engelsk

2. DEMOKRATISK KULTUR OG OFFENTLEGHEIT (4,5)

- a. Mediaoffentlegheten
- b. Utdanningssystemet
- c. Kunst- og kulturlivets betydning for demokratiet
- d. Det sivile samfunn; organisasjonsliv
- e. Aktuelle fag: media, kulturvitskap, sos.ant, litteratur- og språkfaga, filosofi, sam.pol, sosiologi, historie, psykologi, adm.org, Rokkansenteret
- o I stor grad: sosiologi, adm.org, historie

3. DEMOKRATISK STYRING OG FORVALTNING (5,6)

- a. Styringsmodellar
- b. Byråkrati og organisering
- c. Ressurs, miljø- og effektivitetsproblematikk
- d. Aktuelle fag: adm.org, sosiologi, historie, jus, sam.pol, Rokkansenteret, økonomi, geografi

4. RETTANE OG FOLKESTYRET (7,8,9,10)

- a. Utgangspunkt; rettsleggjeringsprosessar; historiske og nåtidige
- b. Forholdet mellom parlamentsmakt og rettslegjeringsprosessane
- c. Inklusjon og eksklusjon: Kven sine rettar? Kven er 'folket'?
 - i. Minoritetsproblematikk
 - ii. Kjønnsproblematikk
- d. Individets fridom vs. samfunnets tryggleik?
 - i. utfordringar for demokrati og rettsystem knytt til anti-statleg aktivitet, politisk vald og terrorisme
- e. Aktuelle fag: jus, historie, sam.pol, sos.ant, sosiologi, adm.org, Rokkansenteret, media, filosofi, kulturvitskap

GEOGRAFISKE TYNGDEPUNKT

- Norge
- Norden
- Europa
- Midtausten
- Latin Amerika
- Mellom Amerika
- USA
- Nord -aust Afrika
- Afrika sør for Sahara
- Kaukasus & sentral-Asia
- Sør-aust Asia

POTENSIELLE EFFEKTER AV EI SATSING PÅ FELTET 'DEMOKRATI OG RETTSSTAT'

På bakgrunn av kartlegginga er det ingen tvil om at tematikken er spesielt godt eigna som eit særskild satsingsområde. Eg vil særleg trekkje fram fem argument for dette:

1. **OMFATTANDE ETABLERT KOMPETANSE:** Dette eit felt der UiB allereie sit inn med ei svært omfattande kompetanse. Det er svært mange forskarar ved UiB som har arbeidd med ulike sider ved feltet demokrati- og rettsstat. Med utgangspunkt i ei breid forståing av temaet, har eg endt opp med nærare 200 forskarar (inkludert stipendiatar) som har arbeidd med tema som kan koplast opp til denne tematikken.
2. **STORT TVERRFAKULTÆRT POTENSIALE:** Tematikken er dessutan spesielt godt eigna i høve til å utvikle fleirfaglege og tverrfakultære forskingsprosjekt som vil kunne samle, vidareutvikle og styrke den kompetansen som allereie finst. Det juridisk fakultetet, SV-fakultetet, HF-fakultetet vil truleg utgjere tyngdepunkta for ei slik satsing, men også enkeltmiljø ved dei psykologiske og medisinske fakulta vil kunne trekkjast inn.

3. **METODISK, TEORETISK OG EMPIRISK SYNERGIEFFEKT:** Det følger av det store omfanget at ei satsing på demokrati og rettsstatsforskning vil kunne trekkje på ei tilsvarende breidde når det gjeld metodiske, teoretiske og empiriske innfallsvinklar. Dei ulike tilnærmingane vil dermed kunne komplementere kvarandre i tillegg til at det er eit stort potensiale for å drive fram integrerte tverrfaglege prosjekt der nye perspektiv og tilnæringsmåtar kan utviklast.
4. **GOD GEOGRAFISK SPREIING:** Den kompetansen som allereie er etablert innan dette feltet representerer ei svært god geografisk spreiring. Ei satsing på demokrati- og rettsstatsforskning vil derfor legge til rette for ei ytterlegare internsjonalisering av forskinga ved UiB. Samtidig er også dei ulike nivåa godt representerte; frå det globale og europeiske til det nasjonale, regionale og lokale. Det bør dermed ligge til rette for at dei ulike nivå ikkje blir studert isolert, men i relasjon til kvarandre.
5. **STOR SAMFUNNSRELEVANS OG AKTUALITET:** Dei ulike problemstillingane som knyttar seg til feltet demokrati og rettsstat er alle svært viktige og aktuelle i høve til nåtidige prosessar og aktuelle debattar. Dette bør kunne sikre forskinga samfunnsmessig innverknad og merksemd og vil kunne legge til rette for publisering og profilering, både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. [Gjeld kanskje særleg i høve til det nasjonale nivået; ei satsing vil kunne styrke og koordinere UiB si profilering i nasjonale media og legge til rette for auka deltaking i den offentlege debatten i ulike fora.]

SYNERGIEFFEKTA:

- Knytte saman og integrere den etablerte kompetansen på feltet
- Stimulere til auka samarbeid på tvers av faggrensar, fakultetsgrensar og geografiske nivå/område
- Styrke utvekslinga av metodiske, teoretiske og empiriske innfallsvinklar mellom dei etablerte miljøa
- Styrke internsjonaliseringa av forskinga ved UiB
- Styrke forskingsformidlinga og profileringa av UiB i den offentlege debatten